



ÅRSMELDING FOR HORDALAND NEI TIL EU 2021

Innleiing

Hordaland Nei til EU har hatt nok eit aktivt år trass pandemi og periodevis strenge smittevernrestriksjonar. I tida frå årsmøtet 18. mars 2021 og fram til årsmøtet 11. mars har fylkesstyret hatt 13 styremøte og eit styreseminar. Den vedtekte arbeidsplanen har lagt grunnlaget for aktivitetar gjennom året, det har likevel vore slik at pandemisituasjonen har avgrensa aktivitetsnivået når det gjeld meir utoverretta, fysisk verksemd. Dette vil verta omtalt i det vidare i årsmeldinga. Styremøta handsamar vanlege styresaker samt utarbeider planar for aktivitetar som studiesirkklar, opne seminar, deltaking på andre aktivitetar i regi av Nei til EU eller andre aktuelle organisasjonar, kampanjar mm I tillegg til eigen vedteken arbeidsplan er den overordna arbeidsplanen til Nei til EU, vedteken på Landsmøtet i 2020, eit viktig utgangspunkt for aktivitetar. Styret har medlemmer som møter på fylkesleiar møte, rådsmøte, i kontrollkomiteen, i sentralstyret samt på andre aktivitetar både lokalt og sentralt. 2021 var eit valår, dette prega og styret sitt arbeid om enn ikkje i det omfanget me kunna ha tenkt oss.

Styret

Styret, vald på årsmøtet 6. mars 2021, har hatt følgjande samansetjing:

Leiar	Toril Mongstad
Nestleiar (fram til november 2021)	Frode Larsen
Nestleiar (etter november 2021)	Gunnar Rutle
Styremedlem	Sigmund Simmenes

Fram til november 2021 utgjorde desse AU. Frode Larsen gjekk, med grunngjeving i manglande kapasitet, ut av AU og vervet som nestleiar i november 2021.

Styremedlem, kasserar, økonomiansvarleg og referent	Hildur Straume
Styremedlem	Anna Nordlund
Styremedlem	John Dale
Styremedlem	Rose Maiken Flatmo
Første vararepresentant	Agathe Børretzen
Andre vararepresentant	Brigt Ottar Valen
Tredje vararepresentant	Oddvar Skre
Fjerde vararepresentant	Ivan Tubez

Femte vararepresentant og
rekneskapsfører

Frode Mannsåker

Styret har ikkje hatt representasjon frå UmEU, men har oppmoda ungdomslaget om å møta. Vararepresentantane vert kalla inn til alle styremøte.

Aktivitetar i fylkesstyret

Det har vore i alt 13 styremøte i perioden frå årsmøte i 2021 og fram til årsmøte 2022. Nokre få av styremøta har vore fysiske, det meste har gått føre seg på digital møtestad.

AU har hatt fleire møte både fysiske og digitale, og har i tillegg kommunisert på e-post i saker som har gjort krav på det.

I september 2021 (17. og 18.) hadde styret ei seminar med ymse tema på dagsorden og med to inviterte frå sekretariatet sentralt.

Det har vore fleire samlingar i regi av Nei til EU sentralt, fylkesleiarmøte, rådsmøte, fagleg konferanse, kvinnekonferanse, landbrukskonferanse. Desse har vore både digitalt og fysiske. I tillegg har det vore mange ulike webinar, der aktuelle politiske tema har vore på agendaen, og med god moglegheit for å delta via nettet. Fylkesstyret sine medlemmer har delteke aktivt på mange av desse arrangementa.

Mykje av dette vil i det følgjande verta meir fyldig omtala.

Medlemsutvikling

Hordaland Nei til EU hadde 1805 betalande medlemmer pr 31.12.2021, mot 1812 året før. Me hadde 1908 registrerte medlemmer. Me er ikkje nøgde med å sjå reduksjon i talet, og gapet mellom totalt registrerte medlemmer og medlemmer som har betalt kontingent, seier oss at me må intensivera arbeidet med puring og attverving. Vervearbeidet vert omtala seinare i årsmelding.

Medlemsutvikling i Hordaland Nei til EU

År	Talet på betalande medlemmer	% av 2011
2021	1805	85,5%
2020	1812	85,8 %
2019	1799	85,2 %
2018	1788	84,7 %
2017	1736	82,3 %
2016	1866	88,4 %
2015	1808	85,7 %
2014	1822	86,4 %
2013	1945	92,2 %
2012	2031	96,3 %
2011	2110	100,0 %

Medlemsutviklinga på landsbasis Nei til EU

År	Talet på betalande	% av 2011
----	--------------------	-----------

	medlemmer	
2021	19407	68%
2020	19583	68,7 %
2019	20303	71,2 %
2018	20845	73,1 %
2017	20707	72,6 %
2016	22517	78,9 %
2015	23183	81,3 %
2014	24118	84,6 %
2013	25812	90,5 %
2012	27332	95,8 %
2011	28524	100,0 %

Medlemstala vert kommentert seinare i meldinga.

Aktivitetar i eigen regi

Opne seminar og studiesirklar:

Hausten 2021, 11.11. og 6.12., lukkast det oss å arrangera studiekveldar med tema folkestyret og demokrati under EØS-avtalen, innleiingar v/ John Dale. Første studiekvelden hadde særskild god deltaking, det vart noko færre på siste kvelden.

Stands- og verveverksemd gjennom året

Det har ikkje vore noko fysisk vervearrangement i 2021. Frå sentralt hald vart det arrangert nasjonale verveveker i veke 10 og 11 (mars), og det lukkast fylkeslaget å verva 27 nye medlemmer i denne perioden. Fylkesleiaren hadde jobb som nasjonal ringevervar i same tidsrom, og verva i alt 82 nye medlemmer. Hausten 2021 vart det sett i gang verveingjing til medlemmer av bondeorganisasjonar landet over. Fylkesleiaren ringte i eige fylke samt 3-4 andre, men uttellinga var heller dårleg.

Utover dette har det jamleg vore sendt ut oppmoding til medlemmene om å driva kontinuerleg vervearbeid. Det kan sjå ut som om dette gjev nokre nye medlemmer i ny og ne.

Attverving har og vore prioritert med ringerundar til medlemmer som ikkje har betalt kontingenten. Dette arbeidet gjev godt resultat. I tillegg har gjenvervinga hatt som formål å rydda i medlemsregisteret, slik at medlemmer som ikkje har betalt kontingent dei siste 2-3 åra vert sletta som medlem (etter å ha informert dei om dette).

Fylkesleiaren har i tillegg til dette drive ein del vervearbeid pr telefon retta mot bondeorganisasjonar både i eige fylke og andre. Dette gav diverre få nye medlemmer.

Fylkesleiaren sender ut personleg melding til alle nye medlemmer i fylket og ønskjer dei velkomne.

Medlemsbrev og aktivitetar på sosiale media.

Arbeidet med å senda medlemsbrev held fram i 2021. Ulike former har vore nytta. Me har laga istikk i medlemsavisa Standpunkt to gonger. Det har og vorte sendt ut mindre medlemsbrev

via medlemsregisteret hypersys. I tillegg til dette har me vore noko meir aktive på heimesida og på sosiale media. På heimesida er det oppretta fleire faner, me har no ein blogg som me jamt og trutt legg ut artiklar om aktuelle politiske saker.

Valkampen 2021.

Det vart arrangert eit debattmøte 31.8. der representantar frå dei partia som er på Stortinget, vart inviterte. Dei fleste møtte og hadde korte innleiingar. Det var god oppslutnad om møtet med spørsmål og innlegg frå salen.

Det vart ikkje arrangert stands i Bergen. Lokallaga i Alver og Askøy arrangerte fleire stand. I Etne tok varamedlem Agathe Børretzen seg av standsaktivitetar. Det vart delt om lag 15000 Standpunkt fordelt over store delar av fylket. I tillegg vart det og delt ut anna informasjonsstoff som løpesetlar og info-ark.

Auka samarbeid på tvers av fylka.

Toril har tatt initiativ til auka samarbeid på tvers av fylka, og deltek i ei arbeidsgruppe der Rogaland, Sør-Trøndelag og Troms NtEU også er med. Intensjonen med arbeidet er auka samarbeid, erfaringsutveksling, felles kampanjar og materiell, engasjement og inspirasjon til hjelp og sjølvhjelp.

I samband med dette deltok Hordaland NtEU i ein kampanje der me hadde avisannonser i BA, BT og Hardanger Folkeblad. 7 andre fylkesval hadde annonser i sine aviser.

Deltaking i aktivitetar i regi av Nei til EU sentralt samt i lokallagsaktivitetar

Rådsmøte

Det vart arrangert to rådsmøte i 2021, i juni og i november. På møtet i juni, som var digitalt, deltok Oddvar Skre. Toril deltok i regi av å vera sentralstyremedlem. Hildur deltok som medlem i kontrollkomitéen. På møtet i november stilte fylket med full delegasjon, Gunnar Rutle og Anna Nordlund. I tillegg møtte Hildur Straume for Kontrollkomiteen og Toril Mongstad møtte som sentralstyremedlem.

Fylkesleiarmøte.

Det har vore fleire digitale og eit fysisk fylkesleiarmøte i 2021. Fylkesleiaren har møtt på alle.

Kontrollkomitéen i Nei til EU

Hildur Straume sit som medlem i kontrollkomitéen i Nei til EU, attvald på landsmøtet 2020

Fondsstyret i Nei til EU

Hildur Straume set i styret i kampfondet (kampfond til bruk ved ein eventuell ny folkeavstemming om tilknytingsform vår til EU).). Det har vore eitt møte (digitalt) i kampfondet i 2021.

Kvinneutvalet i Nei til EU

Agathe Børretzen er kvinnekontakt i styret. Ho har deltatt på planleggingsmøte med 8. marskomiteen, og tenkjer å delta på sjølve 8.mars markeringa.

Standpunkt

Toril Mongstad er framleis i redaksjonen i Standpunkt, Nei til EU si medlemsavis. Det har vore 3 aviser i 2021. Som alt nemnd, har fylket hatt eige medlemsbrev som istikk i 2 av desse.

Årsmøte Alver Nei til EU 21. juni.

Toril deltok. Ho hadde sagt frå seg attval som leiar. Arnulf Hjelmtveit vart vald som ny leiar.

Fiskeripolitisk konferanse i Tromsø 29. – 31.10.21. Regi: Fiskeripolitisk utval i NtEU.

Toril, som er medlem i utvalet, deltok.

Fagleg konferanse i Oslo 5.11.21

Gunnar, Hildur, Rose og Toril deltok

Kvinnekonferanse i Oslo, 13. og 14.11.21. Regi: Kvinneutvalet:

Agathe deltok.

Landbrukspolitisk konferanse i Oslo 18.11.21.

Hildur deltok digitalt.

Deltaking i aktivitetar i regi av andre.

Årsmøte og andre møte i ulike politiske parti og organisasjonar.

Årsmøte i Hordaland SP 20. mars 2021. Sigmund møtte og held innlegg.

Årsmøte i Raudt Hordaland 20.3.2021.

Toril møtte og held årsmøtet.

Valkampseminar i Raudt Hordland 21.3.2021

Toril held innlegg om EØS-avtalen og deltok i debatten.

Årsmøte i ArkiVest 17.6.21

Oddvar møtte.

Økonomi

Rekneskapan for 2021 er gjort opp med eit underskot på 26.754 kroner, eigenkapitalen pr. 31/12-2021 var på 900.129 kroner. Det vart i 2020 gjort styrevedtak på å overføra 50 000 kroner av totalt 90 000 kroner i UD-midlar til 2021. Av desse er alt bortsett frå vel 17.000 brukt. Desse er betalt tilbake til NtEU sentralt.

Fylket har god økonomi. Det kjem seg fyrst og fremst av at me har få lokallag som oppfyller krava til å få kontingentrefusjon. Difor betaler me og inntil vidare m.a. for lokale tillitsvalde si deltaking på sentrale arrangement og andre kurs og konferansar, samt subsidierer deltaking på fylket sitt årsmøteseminar for medlemmer. Styret har stilt seg positiv til å bidra med midlar til Nei til EU sentralt, noko som er nødvendig grunna bortfall av mykje av støtta frå Landbrukssamvirke.

Frode er rekneskapsfører med Hildur som kasserar og økonomiansvarleg.

Frank Mo er revisor.

UD-prosjekt 2021

Hordaland søkte på UD-midlar som var utlyste for hausten 2021, men fekk avslag. No har Utanriksdepartementet bestemt seg for å avvikla ordninga med UD-midlar til frivilljuge organisasjonar. Det vert løyvd eit driftstilskott til NtEU sentralt.

Kontor / lager

Hordaland Nei til EU leigar framleis lagerplass hos Raudt Hordaland i Hans Tanksgate. Det har fungert greitt.

Organisasjon

Ved inngangen til 2021 var det tre aktive lokallag i Hordaland: Askøy, Bergen og Alver. Ullensvang har hatt lokallag i alle år sidan 1994, men har no vedteke å leggja ned laget.

Pressemeldingar/lesarbrev

Arbeidet med å skriva lesarinnlegg til aviser, har vore intensivert i 2021, og me har me fått inn nokre lesarbrev både i lokalaviser og i landsdekkande aviser (som Klassekampen).

Arbeid i styret

Styret valde tidleg i året å organisera mykje av dei prioriterte oppgåvene i arbeidsgrupper. Desse har arbeidd med:

Medlemspleie, sosiale media og heimeside, informasjon, kunnskap, skriving og formidling, utoverretta aktivitetar og samarbeid med andre, organisasjonsarbeid.

I tillegg hadde me ei arbeidsgruppe som arbeidde aktive med valkampen.

Hordaland Nei til EU har ei aktiv og oppegående nettside og er også aktiv på Facebook.

Me har vore meir aktive på eiga heimeside og har lagt ut noko meir stoff enn tidlegare år.

Styret har innført ein ny post på styremøta: politisk kvarter. Der førebur styremedlemer korte innlegg om aktuelle politiske saker.

Det lukkast styret å ha eit fysisk styremøte med felles middag 24.6.21

Grunna ny-innførte restriksjonar måtte den tradisjonelle lutefiskmiddagen hos Toril avlyst.

Styreseminaret 17. og 18. september hadde rom for både politiske og organisatoriske saker. Douglas Ferguson innleia om Storbritannia etter Brexit.

Lisa Wensberg og Sindre Humberstet deltok frå sekretariatet.

Det vart vedteke å arbeida med ein digital plattform for dokumenthandtering. Frode Mannsåker m fleire arbeider vidare med dette.

Det sosiale var og veldig viktig, det vart eit godt seminar på alle måtar.

2022 – så langt

Pandemien fører framleis til at aktivitetsnivået når det gjeld fysiske møte og arrangement er på nærare null. Styret har hatt to møte, begge digitale. AU har hatt 4 møte, alle digitale. Ungdom mot EU v/ Frankie Solberg Røed var invitert til styremøtet 10. januar og informerte om UmEU.

Styret vil også i 2022 fokusera mykje på vidare auke i medlemstalet. I tillegg vil kampen om å få erstatta EØS-avtalen stå sentralt. Styret vil elles følgja den overordna, sentrale arbeidsplanen som vart vedteken på landsmøtet i november.

Toril har delteke i fleire sentralstyremøte. Desse har og vorte endra frå fysisk til digital deltaking. Referering av saker i sentralstyret er fast post på agendane i fylkesstyremøta.

Den 20.1.22 deltok fleire i fylkesstyret i ein aksjon mot auka straumprisar og manglande politisk kontroll over energi-politikken. Rose Maiken Flatmo var ein av dei som held appell.

Fleire i styret deltok på den digitale og sterkt reduserte Trondheimskonferansen 29.1.

Vestland SV hadde årsmøte 12.2.2022. Anna Nordlund møtte.

Den 15.2. deltok fleire i styret på aksjonsdagen i Bergen sentrum der temaet var straumprisar og nasjonal kontroll over krafta. Det var mange appellantar, Toril Mongstad var ein av dei.